
Sluttrapport Byregionprogrammet for Luster, Leikanger og Sogndal

av: Lisbeth Bringebøen, prosjektleiar



Innleiing

Eigargruppa i byregionprogrammet fase 2 for Luster, Leikanger og Sogndal har bestått av ordførarar og rådmenn i dei tre kommunane: Jarle Aarvoll, Jostein Aanestad, Ivar Kvalen, Jarle Skartun, Jon Håkon Odd, Odd Arve Rakstad. Styringsgruppa har bestått av næringssjefane i dei respektive i kommunane, Per Odd Grevsnes, Olav Grov, Per Holen i tillegg til ressursperson frå Sogn og Fjordane fylkeskommune: Annlaug Kjelstad. Prosjektleiar har vore Lisbeth Bringebøen i Sogn Næring AS. I fase 1 bestod eigargruppa av ordførarar og rådmenn, og styringsgruppa av næringssjefane. Prosjektleiar for fase 1 var Tore Frimanslund.

Resultatet frå byregionprogrammet er at programmet for kommunane Sogndal, Luster og Leikanger har vore positivt for samarbeidsklimaet i dei tre kommunane. Utgangspunktet for at Luster kommune var med i byregionprogrammet saman med Sogndal- og Leikanger kommune var at programmet ikkje skulle handle om kommunesamanslåing, men vere eit positivt bidrag for å få til meir samarbeid over kommunegrensene.

Sogndal er "bykommunen" i byregionprogrammet, og var positiv til kommunesamanslåing med Luster og Leikanger. I juni 2017 vart det bestemt at kommunane Sogndal, Leikanger og Balestrand skal slåast saman med tvang. Luster er ikkje med i den nye kommunen.

Eigargruppa diskuterte dermed om det var hensiktsmessig å involvere Balestrand kommune siste året av programmet, om Balestrand skulle erstatte Luster i byregionprogrammet eller om byregionprogrammet skulle avsluttast og heller fortsetje med arbeidet med kommunereforma og ulike samarbeid med Luster i andre former. Byregionprogrammet fase 2 skulle vare frå 2015 til 2017, og dermed var det naturleg å avslutte programmet sommaren 2017, og ikkje utsetje det til rapporteringsfristen sett av KMD som er 30. september 2018.

Eigargruppa understreker at ei avslutting av programmet før tida ikkje betyr at Luster ikkje vil vere med å samarbeide med nye Sogndal kommune, men at kommunesamanslåing krev mykje ressursar og det derfor er mest hensiktsmessig og ryddig at samarbeidsforma ikkje lengre er del av byregionprogrammet. Frå kommunane si side har det såleis vore lite aktivitet i byregionprogrammet sidan sommaren 2017.

Sogn Næring saman med Leikanger- og Sogndal kommune ser no fram til å ta fatt på arbeidet vidare med å vere med på å skape nye Sogndal kommune.

Innhold

<u>1 KRAV TIL RAPPORTERING TIL KMD</u>	5
<u>2 MÅL FOR BYREGIONPROGRAMMET FASE 2</u>	6
2.1 KONKRETISERTE MÅL FOR UTVIKLINGSPROSJEKTET LUSTER, LEIKANGER, SOGNDAL	6
2.1.1 BAKGRUNN	6
2.1.2 TEMABASERT PROSJEKT	6
2.1.3 MÅL FOR PROSJEKTET	7
2.1.4 KORLEIS MÅLE DETTE	7
<u>3 STØRRE ARBEID I PROSJEKTET</u>	12
<u>4 TRULEGE EFFEKTAR FOR REGIONEN SI VEKST OG VEKSTEVNE</u>	20
4.1 BEFOLKNING OG SYSELSETNAD	20
4.2 NÆRINGSSTRUKTUR	21
4.3 VERDISKAPING	24
4.4 EFFEKTAR SAMLA SETT	24
<u>5 EI VURDERING OM MÅLET SOM ER SATT I SØKNADEN FOR PROSJEKTET ER NÅDD</u>	25
<u>6 EI VURDERING AV NYTTEN AV Å DELTA I BYREGIONPROGRAMMET</u>	26
<u>7 REVIDERT REKNESKAP FOR PROSJEKTPERIODEN</u>	27
<u>KJELDER</u>	28

1 Krav til rapportering til KMD

Kommunal- og moderniseringsdepartementet ynskjer at byregionane skal sluttrapportere for fase 2 av programmet innan 30. september 2018. Sluttrapporten skal innehalde følgjande punkt:

- Kva som er gjennomført av større arbeid i prosjektperioden
- Resultat av arbeidet samt ei vurdering om målet som er satt i søknaden for prosjektet er nådd. Dette bør dokumenterast.
- Ei vurdering av nytten av å delta i Byregionprogrammet.
- Revidert rekneskap for prosjektperioden.

I rapporteringa av februar 2017 vart byregionane bedt om å:

- Konkretiserte mål for prosjektet.
- Tiltak og forventa resultat ved prosjektslutt og korleis desse skal målast og/eller dokumenterast.
- Trulege effektar for regionen si vekst og vekstevne (for eksempel befolkning, sysselsetting/arbeidsplasser, verdiskaping) på noko lengre sikt (fram mot 2023).

KMD ber også om at desse tre punkta vert lagt til grunn i sluttrapporteringa i 2018 frå den einskilde byregion.

Denne rapporten vil så godt det let seg gjere svare på spørsmåla frå KMD.

2 Mål for Byregionprogrammet fase 2

Mål for fase 2 i byregionprogrammet frå departementet er at byregionane skal utvikle strategiar og setje i verk tiltak innanfor det samfunnsområdet og tema som byregionen har valt på grunnlag av samfunnsanalyesen i fase 1.

Føremålet med samfunnsanalysen var å belyse den økonomiske samhandlinga mellom kommunane i byregionen og dei unike forholda som kan beskrive og forklare mogelegheiter og utfordringar for auka økonomisk vekst i heile regionen. Den heilskaplege samfunnsanalyesen gjennomførd i fase 1 gav ei brei analyse om samspelet mellom kommunane knytt til viktige spørsmål for økonomisk vekst.

[Rapporten frå fase 1 i byregionprogrammet.](#)

2.1 Konkretiserte mål for utviklingsprosjektet Luster, Leikanger, Sogndal

2.1.1 Bakgrunn

Utviklingsprosjektet for kommunane Leikanger, Luster og Sogndal er del av Byregionprogrammet til Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. Det vart i si tid initiert av Kommunal- og Regionaldepartementet i den førre regjeringa, og vidareført av den sitjande. Programmet er administrert av Distriktsenteret.

Hovudfokus i fase 1 var å få eit overblikk over eksisterande kunnskap om det økonomiske samspelet mellom by og omland, eller som i vårt tilfelle: Arbeidsmarknadsregionar.

I fase 1 nytta administrativ- og politisk leiing prosjektet til å få eit betre innblikk i kva utfordringar næringslivet i dei tre kommunane står ovanfor. Dei undersøkte korleis kommunane kan bidra og arbeide saman med næringslivet i større grad. Arbeidet vart gjort ved bedriftsbesøk, nettverkssamlingar, referansegruppesamlingar, utgreingsarbeid og internt arbeid.

Konklusjonen i fase 1 er at fase 2 av byregionprogrammet skulle omhandle følgjande tema:

1. Korleis kan kommunane utnytte tilflyttingspotensialet og næringspotensialet knytt til nye former for friluftsliv og aktivitetsbasert reiseliv?
2. Korleis kan kommunane bidra til å sikre eksisterande, og legge til rette for nye, statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i kommunane?
3. Korleis kan vi kople og utnytte kompetansemiljøa i kommunane til innovasjon og nyskaping?

2.1.2 Temabasert prosjekt

Prosjektet er i utgangspunktet temabasert, og ikkje målbasert. Det har vore eit ynskje frå politisk og administrativ leiing i kommunane å bruke byregionprogrammet til konkrete samarbeidsprosjekt og tiltak. Målet har såleis vore å finne nokre gode tiltak og

samarbeidsprosjekt som kan bidra til å styrke kommunane sine interesseområde og allereie eksisterande fortrinn innan dei tre temaområda. Prosjektet har såleis ikkje brukt mykje tid og ressursar på å definere overordna mål.

Eigargruppa eller styringsgruppa ynskjer ikkje å etablere mål som programmet ikkje klarar å måle ved prosjektslutt. Vi er medvitne til at vi ikkje ynskjer mål som berre kan målast ved å samle inn data som er vanskeleg tilgjengeleg og kanskje ikkje vil verte nøyaktige. Sjølv om mål ikkje er direkte definert i prosjektet så er det likevel ein konsensus om kvifor vi arbeider med dei tre utvalte tema.

Denne arbeidsmetoden er årsaka til at byregionprogrammet er ein suksess i dei tre kommunane Sogndal, Luster og Leikanger. Prosjektet er ikkje bunden til konkrete mål med tilhøyrande handlingsplan, og har nettopp difor høve til å vere fleksible for å kunne arbeide med dei tema som er viktige for kommunane her og no. Såleis har prosjektet kunne teke inn fleire relevante prosjekt i porteføljen som elles kanskje ikkje ville vorte arbeida med.

2.1.3 Mål for prosjektet

Sjølv om mål ikkje er direkte definert i prosjektet så er det likevel ein konsensus om kvifor vi arbeider med dei ulike tema:

Vi arbeider for å medverka til auka folketal i dei tre kommunane. Vi ønskjer å utvikle eit arbeidsliv som gjev attraktive arbeidsplassar. Dette føreset at det offentlege og det private arbeider godt saman. Vi skal vere konkuransedyktige. Vi skal vere ein attraktiv lokaliseringsstad for verksemder. Folk skal ynskje å leve livet sitt her.

Ei naturleg formulering frå tema til mål vert dermed:

Hovudmål 1: Kommunane skal utnytte tilflyttingspotensialet og næringspotensialet knytt til nye former for friluftsliv og aktivitetsbasert reiseliv.

Delmål 1.1: Ein prosent auke i tal tilflyttarar i løpet av programperioden utover forventa vekst.

Delmål 1.2: Ein prosent auke i tal etablerte bedrifter innan friluftsliv og aktivitetsbasert reiseliv.

I denne samanhengen er det og interessant å vite meir om utviklinga i tal deltakarar på tenestene til bedriftene innan friluftsliv og aktivitetsbasert reiseliv.

2.1.4 Korleis måle dette

Delmål 1.1 skal målast ved bruk av SSB.

Delmål 1.2 måler vi i samarbeid med Visit Sognefjord. Visit Sognefjord hentar inn desse tala i sitt generelle arbeid med destinasjonen. Deira overordna mål er knytt til talet på gjestedøgn per sesong per marknad, pris per selde og tilgjengelege rom, og opphaldstid for nordmenn og

utlendingar. I tillegg opplyser Visit Sognefjord om at det skal leggjast til rette for måling av berekraft knytt til talet på sertifiserte bedrifter og kommunar og bruk av lokalmat i bedriftene. Visit Sognefjord følgjer også med på tilgjengeleg statistikk frå transport, attraksjonar og opplevelingar som monitor på besøksutviklinga i regionen (volum, tidspunkt og geografisk spreiing).

Resultat mars 2018: Delmål 1.1.

Folketalsutviklinga i dei tre kommunane sidan start av programmet:

	2014	2015	2016	2017	2018
Leikanger	2268	2276	2298	2332	2345
Sogndal	7623	7677	7839	7941	8059
Luster	5089	5118	5093	5151	5223


Folketalsutviklinga ligg under framskrivingane til SSB for året 2014. Figuren under er henta frå SSB, og er 2014 sine framskrivingar under BYR-perioden for dei tre kommunane basert på middels nasjonal vekst (MMMM).

	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)				
	2014	2015	2016	2017	2018
1419 Leikanger	2 268	2 300	2 318	2 338	2 353
1420 Sogndal	7 623	7 754	7 909	8 059	8 208
1426 Luster	5 089	5 119	5 152	5 187	5 224


Det vi ser er at Luster kommune har omrent same folketalsutviklinga som framskrivingane til SSB skisserte i 2014 (-1 person), Leikanger treff også bra på framskriving med -8 personar, medan Sogndal har heile -149 personar færre enn framskrivingane skulle tilseie.

Det er interessant å kikke meir på desse tala, for å sjå kva folketalsutviklinga består i.


Sogndal



Leikanger

Årleg folketalsutvikling

Luster

Årleg folketalsutvikling

Det vi ser ut frå dei tre figurane på årleg folketalsutvikling er at dei tre kommunane i byregionprogrammet er til dels like. Alle har negativ netto innanlands flytting, men positiv utvikling av innvandring og fødselsoverskot. Alle tre kommunane har også positiv folkevekst. Luster- og Sogndal kommune har mest folkevekst, men dette er grunna at dei også har flest innvandrarar til kommunen.

Delmål 1.1 om ein prosent auke i tal tilflyttarar i løpet av programperioden utover forventa vekst er dermed ikkje nådd.

Delmål 1.2 er ikkje målt konkret enno.

Hovudmål 2: Kommunane skal bidra til å sikre eksisterande, og legge til rette for nye, statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i kommunane.

Delmål 2.1: Kommunane må gå i dialog med dei statlege arbeidsplassane.

Delmål 2.2: Kommunane må ivareta vertskapsrolla si ved å lytte til og etablere eventuelle forslag dei statlege leiarane føreslår.

Korleis måle dette

Delmål 2.1: Dokumentere ved tal møte og referat

Delmål 2.2: Dokumentere ved tal møte og referat frå kva som vert sett i gong i prosjektet.

Vi vil i tillegg følgje med på utviklinga innan tal statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i dei tre kommunane.

Resultat mars 2018

Delmål 2.1: Dokumentere ved tal møte og referat

Det er gjennomført minimum 5 møter med dei statlege leiarar; møter mellom prosjektleiar og kvar einskild statleg leiar, og møter mellom deler av eigargruppa og styringsgruppa og samtlege statlege leiarane.

Delmål 2.2: Dokumentere ved tal møter og referat frå kva som vert sett i gong i prosjektet.

Det er gjennomført to granskningar av dei statlege arbeidsplassane som har konkludert med nokre strategiar og forslag til handling.

- BDO-rapporten: "Samfunnseffektar av endringar og reformer i offentleg og regional forvaltning." Rapport granska samfunnseffektar av endringar og reformer i offentleg og regional forvaltning.
- Strategiplan offentlege arbeidsplassar: Utvikle strategiplan for vertskommunane sitt arbeid for dei offentlege arbeidsplassane og offentleg næringsklynge.

Hovudmål 3. Kommunane skal kople og utnytte kompetansemiljøa i kommunen til innovasjon og nyskaping.

Delmål 3.1: Kommunane skal etablere minimum to nyttige samarbeid på tvers av avdelingar og fagområde.

Korleis måle dette

Delmål 3.1: Skal dokumenterast ved politisk vedtak, referat og liknande.

Det er viktig for prosjektet at samarbeida ikkje vert etablert grunna ønskje om ein teljekant, men fordi kommunane har ynskje om å etablere eit samarbeid på to ulike område nettopp fordi nytten vil verte større enn ikkje å samarbeide om temaet, eventuelt ved ikkje å gjennomføre temaet i det heile.

Resultat mars 2018

- Plansamling: Dei tre planavdelingane har etablert samarbeid.
- Det er etablert felles førstelinjeteneste og felles næringsfond i to av dei tre kommunane i byregionprogrammet frå 01.01.2017.
- Nye Sogndal kommune: Utgreiing korleis nye Sogndal kommune skal sjå ut med omsyn til næringsutvikling. Nye Sogndal kommune skal bestå av Sogndal, Leikanger og Balestrand. Kommunane vert slegne saman med tvang, og Sogn Næring fekk oppdraget med å skissere korleis det bør arbeidast med næringsutvikling i nye Sogndal kommune. Arbeidet konkluderte med å utføre Næringsvenleg region (NVR).
- Næringsvenleg region: Kommunane Sogndal og Leikanger saman med nokre andre kommunar har sett i gong arbeid med næringsvenleg region etter at verkemiddelet vart presentert på nettverkssamling i Ålesund, og funne interessant

3 Større arbeid i prosjektet

Dette kapittelet handlar om tiltak og resultat ved prosjektslutt og korleis dette er målt eller dokumentert.

Utviklingsprosjektet for kommunane Leikanger, Luster og Sogndal har gjennomført mange prosjekt og tiltak innan dei tre tema. Dei ulike tiltaka er etablert fordi vi meiner dei er gode, og er med på bygge under dei tre temaområda i prosjektet.

1 Korleis kan kommunane utnytte tilflyttingspotensiale og næringspotensiale knytt til nye former for friluftsliv og aktivitetsbasert reiseliv

TILTAK	TEMA	STATUS / MÅLAST
Sykkel, forprosjekt	<p>Sogn er ein stisykkeldestinasjon i verdsklassen. Stisykkel er ein konfliktfylt aktivitet i Sogn, og det manglar infrastruktur og anna tilrettelegging rundt potensielle sykkelruter. Stiane tåler ikkje den auka bruken. Næringsa får ikkje lov å marknadsføre løypene.</p> <p>Veldig mange tilflyttarar til Sogn er her for å stå på ski, padle, og er aktive innan alle former for friluftsliv. Ei gjennomtenkt satsing på sykkel er bakgrunnen for at byregionprogrammet tar ei aktiv rolle i denne tematikken. Meir informasjon i søknad og rapportar kring temaet.</p> <p>Sogn Næring fekk kr 65 000 til eit forprosjekt som skulle greie ut ulike stader i dei tre kommunane for å bygge stisyklingssløyper, og konkret planlegging av bygging til desse løypene.</p> <p>Samsnakke med Vestlandsforsking som arbeider med å utvikle lokalt tilpassa forvaltningsmodellar for koordinering av friluftslivaktivitet i utmark for å redusere konfliktpotensialet, stimulere lokal verdiskaping og ivareta allemannsretten og grunneigar sine interesser</p>	<p>Målast / dokumenterast: Dokumentert i prosjektrapport.</p> <p>Forprosjektet er levert og godkjent av fylkeskommunen. Vi vurderer forprosjektet som vellukka.</p> <p>Samarbeidet med vestlandsforsking om lokalt tilpassa forvaltningsmodellar følgjer DL i Sogn Næring opp framleis.</p>
Sykkel, hovudprosjekt	<p>Konkret bygging av stiane gitt i prosjektplanen.</p> <p>Mottatt kr 400 000 frå FK, og 250 000 kr frå Sparebankstiftinga til byggeprosjekt.</p>	<p>Målast / dokumenterast Måling på lengre sikt vil vere å kartlegge om bruk av løypene auka interesse for Sogn som bustad grunna god tilrettelegging for dei som driv med stisykling</p> <p>Målast/dokumenterast: Ferdigstilling av løypene.</p>

		<p>Vi vurderer prosjektet som godt, men vanskeleg å vere prosjekteigar då utbyggjar må stå for administrering av dognadsarbeid med meir. BYR overførte dermed prosjekteigarskap til Sogn Terrengsykkel.</p> <p>BYR vurderer prosjektet som vellukka.</p>
Aktivitetsbasert turisme Kjøsnes/Lunde/Fjærland	<p>Tema er Via Ferrata i Jølster og Hytte i Fjærland.</p> <p>Gjennomførde aktivitetar: Ope møte i september, workshop november, og nytt møte 18. Januar 2016. Næringsjefen i Sogndal har vore aktiv i prosjektet frå byregionprogrammet si side. Visit Sognefjord overtok prosjektet etter møtet i januar.</p>	<p>Avslutta og overført Visit Sognefjord.</p> <p>Målast / dokumenterast: Dokumentert i referat.</p>
Tenketanken	<p>To møte i ei gruppe samansett av varaordførar, ass. Fylkesmann, og tilsette i større bedrifter og politikarar. Gruppa diskuterer korleis knekke distriktskoden og finne meir ut om måten dei unge ynskjer å disponere livet sitt på. Kan Sogndal bli fyrtårnet – kan kommunane vidareutvikle oppskrifta, legge til rette, men la dei unge styre og skape sin eigen arbeidskultur, fritidskultur og samhandlingskultur.</p>	<p>2 møter gjennomført.</p> <p>Målast / dokumenterast: Dokumentert i referat.</p> <p>BYR vurderer prosjektet som interessant, men vanskeleg å finne ei form som kan ta innspela vidare til korrekte instansar.</p>
Tenketanken: Tiltak 1: Forum for tilflyttarar	<p>Workshop med 13 tilflyttarar i Sogndal gjennomført som ein pilot. Interessante tilbakemeldingar knytt til bustad og møteplassar.</p>	<p>Gjennomført.</p> <p>Målast / dokumenterast: Dokumentert i referat.</p> <p>Fått 50 000 kr frå Sparebankstiftinga til utvikling av konseptet.</p> <p>BYR vurderer prosjektet som interessant, men vanskeleg å finne ei form som kan ta innspela vidare til korrekte instansar.</p>
Tenketanken Tiltak 2: Felles samlingsstad	<p>Tenketanken har identifisert eit stort behov for å etablere eit levande samlingspunkt. Ein plass med kaffi, øl, bollar frå Lustrabui og brettspel. Altså, ikkje nok ein kafé eller restaurant, berre ein plass vi kan stikke</p>	<p>Tiltaka er diskutert.</p> <p>Felles kalender vart evaluert og avslutta etter møte med gründer for</p>

	<p>innom, gjerne i fjellkleda etter dagens tur. Ein plass som fungerer slik som Dampskipskaia gjorde sommaren 2016.</p> <p>Tilflyttarane seier at det er vanskeleg å følgje med på kva som skjer av dognadsaktivitetar, organiserte tilbod og arrangement i lokalsamfunnet. Ein felles kalender eller anna metode for å halde seg oppdatert er etterspurd.</p>	<p>festival-app då det vart konkludert med at det er for vanskeleg å pålegge bedrifter å oppdatere sin del av ein felles kalender/app.</p> <p>BYR vurderer prosjektet som interessant, men det må ha rette eigarar for at det skal verte gjennomført.</p>
Tenketanken Tiltak 3: Kvinner i næringslivet	<p>Næringsjefen i Luster tok initiativet til, og gjennomførte ei samling med tema "Kvinner i næringslivet. Gründerar frå ulike verksemder i dei tre kommunane som Drople, Lustrabakeriet, og frisørdamene, samt DL i Lerum deltok med presentasjonar. Om lag 70 deltakarar.</p>	<p>Gjennomført.</p> <p>Målast / dokumenterast: Dokumentert med bilete frå gjennomføringa.</p> <p>BYR vurderer arrangementet som vellukka.</p>
Friluftsliv, policy-notat	<p>Sogndal kommune tek vidare initiativet om å utarbeide eit policynotat om friluftsliv. Dei føreslår ei organisering med regional/interkommunal friluftsplan med overordna retning og strategi for korleis kommunane skal arbeide med friluftsliv i regionen. Planen tek utgangspunkt i LSL-kommunane, men kan utvidast til å gjelde alle kommunane i regionrådet.</p> <p>Det vert lagt opp til at kommunane beheld gjeldande planar for idrett, friluftsliv og folkehelse – og prioriteter sjølv spelemidlar</p> <p>Oppretting av Sogn Friluftsråd – Felles forvaltningsstrategi</p> <p>Friluftsliv+ – reiselivsstrategi</p> <p>Merking av turstiar – Folkehelsestrategi</p> <p>Kartlegging av friluftsområde</p>	<p>Planavdelingane sjølv har overtatt arbeidet med planarbeidar Markus Werner i spissen.</p> <p>Målast / dokumenterast: Policynotat til politisk handsaming i dei tre kommunane.</p> <p>Friluftsråd for dei tre kommunane vart lagt på is då kommunane er redde for at det kan gå ut over arbeidet dei frivillige legg ned innan friluftsliv.</p> <p>BYR vurderer prosjektet som interessant, men det må ha rette prosjekteigarar for å verte vellukka.</p>
Møteplass mellom gründerar, potensielle tilflyttarar og lokalt næringsliv under Fjellsportfestivalen i 2017 og 2018	<p>"Mange som bur i Sogndal og Sogn og Fjordane hadde sitt første møte med bygda ved å delta på Fjellsportfestivalen! Mange av oss bur her fordi vi har korte avstandar til fantastisk snø, flotte fjell, og fine fjordarmar – og vi brukar naturen aktivt til skikøyring, klatring, padling, sykling og generelt friluftsliv. Dette samtidig som vi har gode og meiningsfulle jobbar gjer at vi vert verande i bygda.</p> <p>Er du interessert i å vite meir om næringslivet</p>	<p>Gjennomført februar 2017 og 2018</p> <p>Målast / dokumenterast: Bilete og rapport etter rekryteringsopplegget.</p> <p>2 nye gründerar: Sognefjord Kaffibrenneri og Ember Logistics i 2017</p>

	vårt og kva arbeid du kan få deg her? Vi ynskjer å invitere deg som er genuint interessert i Sogndal og fylke vårt og kan tenkje deg å flytte hit. Her får du ein unik sjanse til å verte betre kjent med gründerar og eksisterande næringsliv! Kanskje det er akkurat du som stikk av med gründerstipend eller ny jobb i lomma?"	Fleire nye tilflyttarar etter 2017, og dialog med nokre etter opplegget i 2018. BYR vurderer arrangementet som vellukka.
Friluftsbusen	Utgreiing betalt av og levert til Visit Sognefjord om å betre nytte eksisterande infrastruktur til å også frakte friluftsfolket til dei ulike destinasjonane. Friluftsbusen er konseptet	Avslutta. Målast / dokumenterast: Rapport levert Visit Sognefjord. Prosjektet overtatt av Visit Sognefjord saman med Tide og SFFK. BYR vurderer arrangementet som vellukka.

2 Korleis kan kommunane bidra til å sikre eksisterande og legge til rette for nye statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i kommunane?

TILTAK	TEMA	STATUS
Samtale med statlege leiarar	<p>Prosjektleiar saman med næringssjefane har gjennomført samtaler med dei statlege leiarane om:</p> <p>fare for omstilling som fører til færre tilsette? planlagt omstilling som fører til fleire tilsette? andre utferdingar?</p> <p>Samt også få litt informasjon om kor mange statlege arbeidsplassar er det i organisasjonen?</p> <p>kva er historikken til at arbeidsplassane vart lagt her?</p> <p>kva gjer de for å oppretthalde dei eksisterande arbeidsplassane?</p> <p>kva gjer de for å få fleire statlege arbeidsplassar? spele inn behov? eller konkurrerer om dei som vert etablert på nasjonalt nivå?</p> <p>samarbeider de om arbeidsplassar med dei andre statlege verksemndene og/eller med private arbeidsplassar?</p> <p>Altså litt om kva strukturar og nettverk som eksisterer i dag, og kva modell eller nettverk bør vi prøve å etablere i formelle rammer for å sikre arbeidsplassane også framover.</p>	Avslutta. Målast / dokumenterast: Referat overført til rapport "Samfunnseffektar" BYR vurderer arrangementet som vellukka.

Samling mellom statlege leiarar og vertskommunane	<p>Samling 18. mai 2016. Treffpunkt for leiarane i dei statlege arbeidsplassane.</p> <p>Samling 17. okt. 2016</p>	<p>Avslutta</p> <p>Målast / dokumenterast: Dokumentert i referat.</p> <p>BYR vurderer arrangementet som vellukka.</p>
BDO-rapporten: "Samfunnseffektar av endringar og reformer i offentleg og regional forvaltning er utarbeida."	Rapport som granska samfunnseffekta av endringar og reformer i offentleg og regional forvaltning er utarbeida.	<p>Avslutta</p> <p>Målast / dokumenterast: Rapport tilgjengeleg.</p> <p>BYR vurderer prosjektet som vellukka.</p>
Oppfølging BDO-rapporten	<p>Eit notat som skal anbefale ein strategi for dei tre vertskommunane med god bakgrunnsinformasjon mellom anna BDO-rapporten. Det skal definerast tydelege mål for arbeidet, og vi vil skissere virkemiddel og tiltak som støtter opp om måla.</p> <p>Det er naturlig at målsetningane dreier seg om å bevare arbeidsplassane vi har, men også å bruke omstillingss prosesser offensivt. Vidare må vi sjå på korleis vi skal jobbe med å hente nye arbeidsplassar, skape nye arbeidsplasser og innovasjon på toppen av det vi har.</p> <p>Sogn Næring har tatt signal om at LSL-kommunane ynskjer å bruke SN som verktøy i det vidare arbeidet kring dette temaet.</p>	<p>Avslutta.</p> <p>Målast / dokumenterast: Arbeidet dokumentert i innkjøpsdokumentet for "Strategiplan offentlege arbeidsplassar".</p> <p>BYR vurderer prosjektet som vellukka.</p>
Strategiplan offentlege arbeidsplassar	<p>Utvikle strategiplan for vertskommunane sitt arbeid for dei offentlege arbeidsplassane og offentleg næringsklynge.</p> <p>Sogn Næring kjøper teneste av Oddvar Flæte.</p>	<p>Avslutta.</p> <p>Strategiplanen skal følgjast opp av fellesnemda i nye Sogndal kommune.</p> <p>BYR vurderer prosjektet som vellukka.</p>

3 Korleis kan vi kople og utnytte kompetansemiljøa i kommunane til innovasjon og nyskaping i kommunane?

TILTAK	TEMA	STATUS
Plansamling 1	Lunsj – til lunsj samling i Gloppen for alle i planavdelingane i Luster, Sogndal og Leikanger, samt styringsgruppa i 2016.	Avslutta. Målast / dokumenterast: Dokumentert i referat. BYR vurderer arrangementet som vellukka.
Plansamling 2	3 dagars samling i Juvet i Valldal i mars 2016. Utvalde personar frå planavdelinga med interesse og arbeidsfelt innan friluftsliv, samt personar innan reiselivsnæringa og opplevingsnæringa.	Avslutta. Målast / dokumenterast: Dokumentert i referat. BYR vurderer arrangementet som vellukka.
Industrinettverk	Samlingspunkt mellom produksjonsbedriftene i dei tre kommunane der dei dreg på besøk til kvarandre og held presentasjonar om ulike tema. 2015: NTP om HRM 2016: Lerum om personale 2016: Digital Etikett Prosessleiring	Målast / dokumenterast: Pågåande prosess. Industrinettverket er no tatt over av Sognefjord Næringshage. BYR vurderer arrangementa som vellukka.
Samkøyring	Kvar dag køyrer xxx personar mellom Luster, Sogndal og Leikanger. Kva insitament kan etablerast for at dei køyrer fire stk. i ein bil, eller tar buss i større grad?	Forslag til prosjekt Målast / dokumenterast: Prosjekt var ikkje interessant for eigargruppa og

		dermed ikkje gjennomført. BYR vurderer prosjektet som interessant, men det må ha rette prosjekteigarar for å verte vellukka.
Felles førstelinjeneste og felles næringsfond i dei tre kommunane	Felles førstelinjeneste i dei tre kommunane er under etablering. Leikanger kommune kjøper seg inn i Sogndal kommune sitt næringsorgan: Sogn Næring frå 01.01.2017 og kommunane etablerer eit felles næringsfond.	Målast / dokumenterast: Politisk vedtak februar 2017. Retningslinjer og handlingsplan med tilhøyrande mål vert utarbeida i det vidare. Luster kommune ynskjer ikkje vere del av felles førstelinje eller felles næringsfond, men vi hjelper kvarandre og samarbeider godt der det er smart. BYR vurderer prosjektet som vellukka.
Nye Sogndal kommune	Utgreiing korleis nye Sogndal kommune skal sjå ut med omsyn til næringsutvikling. Nye Sogndal kommune skal bestå av Sogndal, Leikanger og Balestrand. Kommunane vert slegne saman med tvang, og Sogn Næring fekk oppdraget med å skissere korleis vi bør arbeide med næringsutvikling i nye Sogndal kommune.	Prosjektrapport avslutta. Rapport tilgjengeleg. BYR vurderer prosjektet som vellukka.
Næringsvenleg region	Kommunane Sogndal og Leikanger saman med nokre andre kommunar har sett i gong arbeid med næringsvenleg region etter at verkemiddelet vart presentert på	Arbeid pågår.

	nettverkssamling i Ålesund, og funne interessant	
--	--	--

4 Trulege effektar for regionen si vekst og vekstevne

Dette punktet diskuterer trulege effektar av prosjektet for regionen si vekst og vekstevne i høve befolkning, sysselsetting/arbeidsplassar og verdiskaping.

I kommunane sine arbeid med regional planstrategi stadfestar at dei må ha relevant, oppdatert og faktabasert kunnskap om viktige tema og satsingsområde for å kunne drive målretta samfunnsutvikling og politikkutforming.

Kommunane har i dette arbeidet kartlagt folketalsutviklinga siste 6 åra, der tala også er brotne ned i ulike variablar som innvandring, utvandring, innflytting innanlands, utflytting innanlandsk, fødde og døde.

I kommunane sine planstrategiar er det og peika på å få fram kva samfunn det er sannsynleg at vi får med framskrivingar, analyse og oppsummering av mogelege strategiar ut frå utfordringane kommunane står ovanfor i dag. Kommunane har og utarbeida ulike måleindikatorar for utvikling dei neste åra.

Eksempelvis ser kommunane på alderssamansetjinga i befolkninga i 2016 samanlikna med tilsvarende samansetjing i befolkningsframskrivingane for 2040.


Meir informasjon i dokumenta om [Leikanger](#), [Luster](#) og [Sogndal](#).

I samband med byregionprogrammet greidde vi og ut status og potensielle "Samfunnseffektar av endringar i fylkeskommune og regional statsforvaltning Leikanger, Sogndal og Luster".

Byregionprogrammet bruker data frå dei nemnde kjeldene i dette kapitlet, samt også diskuterer byregionprogrammet si rolle i dette.

4.1 Befolkning og sysselsetnad

Leikanger, Sogndal og Luster har ein tett integrert arbeidsmarknad som ved utgangen av 2015 hadde 8 146 sysselsette og 15 230 innbyggjarar. Dei er og ein del av arbeidsmarknadsregionen Indre Sogn som på same tid hadde 14 515 sysselsette og 28 508 innbyggjarar. Det er store pendlestraumar mellom desse kommunane, og dei 3 kommunane har gått frå å vere ein bustadregion med netto utpendling til å bli ein arbeidsplassregion med netto innpendling.




Dei 3 kommunane har hatt ein vekst i tal arbeidsplassar på 11,5 % sidan 2008 mot 2,5% nasjonalt. Det er spesielt innan statleg forvaltning (41%) og kommunal forvaltning (21%) ein har hatt sterkest vekst som ligg godt over landssnittet. Offentleg sektor er den største sektoren med 44% (3 575 sysselsette) av sysselsettinga der 21% er stat (1 313 sysselsette) og fylkeskommunen (420 sysselsette).


Vi har ikkje gode tal for 2018 enno, men vi har ei god utvikling frå 2015, og forventar utviklinga i dei neste åra for positiv befolkningsvekst.

4.2 Næringsstruktur

Sysselsette fordelt på næring i 2015 for høvesvis Leikanger og Luster:




Sysselsetting etter arbeidssted i Luster. 2015




Sogndal kommune har førebels nytta 2008 og 2014 data i planstrategien. Desse er som følgjer:

Sysselsette fordelt på næring 2008-2014: Sogndal



Det vi ser er at næringsstrukturen i dei tre kommunane er ulike. Leikanger har overvekt av fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar, Sogndal har eit jamnare fordeling i sine næringar, medan Luster har større del primærnæringar og industri. Alle tre kommunar har mange arbeidsplassar innan helse.

Innanfor offentleg sektor som byregionprogrammet har sett spesielt på, så er det ei stor breidde i ulike verksemder og er eit av dei største næringsmiljøa i Sogn og Fjordane. Luster, Sogndal og Leikanger er ein av få regionar utanfor dei store byane med ei slik breidde i offentlege arbeidsplassar.



Av totalt 8 516 sysselsette er 44% sysselsett i offentleg sektor. 21% av desse er sysselsett i stat og fylkeskommune. Av andre næringar er det tenestyting, handel og bygg/anlegg som er dei største.

Dei offentlege verksemdene har stor breidde i yrkesgrupper og kompetanse. Det er ein stor del med masterkompetanse og høgare utdanning. Det blir og rekruttert god kompetanse frå høgskulemiljøet i Sogndal. Ingen av leiarane/einingane uttrykker utfordringar med å rekruttere den kompetansen dei har behov for.

Dei opplever i dag god tiltrekkskraft som følgje av stor breidde i arbeidsplassar som gjer det enkelt for «begge» å få arbeid, samt attraktiviteten til Sogndal knytt til friluftsliv og naturbaserte oppleveligar.

Dette kan gje store muligheter for anna næringsliv framover dersom ein klarer å behalde aktørane lokalt og utvikle tettare samarbeid.

Vi trur ei effekt av arbeidet med byregionprogrammet er at vi kan verte flinkare til målretta arbeid, og klare å tilrettelegge for sysselsetnad i dei sektorane potensialet er størst, som

eksempelvis forretningsmessig tenesteyting, då vi har eit godt grunnlag til dette jf. det høge utdanningsnivået i dei tre kommunane, og dei store offentlege kompetansearbeidsplassane. Meir om dette i rapporten "Næringsutvikling i nye Sogndal kommune".

4.3 Verdiskaping

Når verdiskaping er brukt som økonomisk uttrykk er dette summen av overskot og lønskostnader. Verdiskaping i offentleg sektor er definert som lønskostnader.

Verdiskaping er å produsere noko som er nyttig, enten i seg sjølv, eller fordi godet skal brukast vidare i ein annan samanheng. Verdiskaping skaper direkte eller indirekte velferd. Verdiskaping som omgrep skil ikkje på om produksjon er organisert offentleg eller privat. Det er såleis ikkje slik at det private arbeidslivet skaper og det offentlege forbrukar; opplæring er til dømes like skapande om arbeidet skjer i offentleg eller privat regi.

Kommunane i utviklingsprosjektet vel å bruke definisjon nr 2 i arbeidet med byregionprogrammet. Byregionprogrammet er med på å skape noko som er nyttig, og handlar også om positive samfunnseffektar og ikkje nødvendigvis det som kan målast her og no.

4.4 Effektar samla sett

Vi trur byregionprogrammet vil ha gode effektar samla sett. Det å arbeide kunnskapsbasert, strukturert og samla utover kommunegrenser gjev gode resultat. Eksempelet med arbeidet kring dei offentlege arbeidsplassane er eit godt døme på dette. Alle kommunane er opptekne av å vere gode vertskommunar og tiltrekke seg denne type arbeidsplassar, nettopp grunna synergieffektar og potensiell vekst innan forretningsmessig tenesteyting.

5 Ei vurdering om målet som er satt i søknaden for prosjektet er nådd

Det var ikkje sett eit spesielt mål i søknaden for prosjektet, men lagt opp til at byregionen undervegs kunne bruke tid på dei tiltaka vi såg var gode. Med dette utgangspunktet har vi fått til svært mykje, som lista opp i kapittel 4 i rapporten: større arbeid i prosjektet.

I løpet av prosessen har dei tre kommunane vorte meir klar over kor viktig det er å ha relevant, oppdatert og faktabasert kunnskap om viktige tema og satsingsområde for å kunne drive målretta samfunnsutvikling og politikkutforming. Prosjektet har arbeida med å lage eit breitt forankra kunnskapsgrunnlag og ei felles forståing av utfordringar og mogelegheiter på nokre område som med offentlege arbeidsplassar, og i prosjektet "Næringsutvikling i nye Sogndal kommune" og i prosessen med Næringsvenleg region. Såleis har prosjektet vore ei viktig investering i framtida.

Særleg arbeidet med offentlege arbeidsplassar er gjort på bakrunn av eit godt faktagrundlag, og det er også bakgrunnen for det gode arbeidet som no skjer i prosjektet Næringsvenleg region.

Det vi kunne vore betre på er å framsnakke prosjektet. Utviklingsprosjektet for Sogndal, Leikanger og Luster har ikkje hatt fokus på marknadsføring av sjølve byregionprogrammet, men marknadsført og gjort kjent dei ulike delprosjekta i seg sjølv. Rapportane om offentlege arbeidsplassar er vorte kjent i media, vi har hatt avisoppslag på rekrutteringsaktivitetane våre, for utbyggingsprosjekta for sykkelløyper er det den lokale sykkelklubben som har fått merksemd og for felles næringssamarbeid for førstelinjenesten er det næringselskapa og kommunen som har fått positiv merksemd. På bakgrunn av dette så har ikkje nødvendigvis mannen i gata eller politikarar i dei tre kommunane eit spesielt forhold til sjølve byregionprogrammet, og dette har vi fått noko kritikk for. Vi kunne dermed hatt fokus på å at det vart kjent at kvar aktivitet vi har gjennomført har vore del av byregionprogrammet.

6 Ei vurdering av nytten av å delta i Byregionprogrammet

Kommunane Sogndal, Leikanger og Luster er tettare på kvarandre etter deltaking i byregionprogrammet. Politisk- og administrativ leiing i kommunane prioriterer møtepunkta i byregionprogrammet, både eigne møter og nettverkssamlingar i regi av Distriktsenteret.

Saman har dei tre kommunane sett at samarbeid er betre på nokre område. Dette gjaldt i høve arbeidet med dei statlege arbeidsplassane som er truga, det gjeld i arbeidet vårt med felles friluftsråd i dei tre kommunane, og det gjeld i arbeid med felles førstelinjeteneste og næringsfond i to av kommunane.

Byregionprogrammet har ført til ei større medvite til å setje samarbeid i system. To av kommunane har gått vidare med eit konkret samarbeid om felles førstelinjeteneste og felles næringsfond, samt alle tre kommunane saman med den siste kommunen i nye Sogndal kommune samarbeider godt om dei offentlege arbeidsplassane, og to av kommunane saman med andre sognes-kommunar arbeider godt og målretta med verktyet Næringsvenleg Region. Dette er kome som direkte resultat av byregionprogrammet.

Eigargruppa og styringsgruppa trur og at effektane av byregionprogrammet på sikt vil vere positive, jamfør diskusjonen i kapittel 5 "Trulege effektar for regionen si vekst og vekstevne", som vi vurderer som ei god nytte av å delta i byregionprogrammet.

Eigargruppa og styringsgruppa ser også at det er enklare å samarbeide på tvers av kommunar når vi har noko matnyttig å samarbeide om, og ikkje berre samarbeide for å samarbeide. I alle samarbeida har vi vorte betre saman enn kva vi kunne klart kvar for oss. Det er svært viktig med eit tilstrekkeleg stort fagmiljø for at kommunane kan gje betre tenestetilbod og levere betre tenester og prosjekt uansett om det gjeld offentlege arbeidsplassar, nettverksprosjekt eller mindre rekrutteringsaktivitetar.

7 Revidert rekneskap for prosjektperioden

Utviklingsprosjektet for kommunane Sogndal, Leikanger og Luster har hatt noko meir kostnader i prosjektet enn planlagt. Totalbudsjettet er såleis auka frå 3,9 mill. til 4,5 mill.

Kostnader	Budsjett	Regnskap
Administrative kostnader	60 000	82 939
Eigen førebuing til møter og liknande*	400 000	0
Innleigde tenester	620 000	930 825
Møte og reisekostnader*	220 000	1 004 985
Prosjektadministrasjon	2 600 000	2 519 757
Sum	3 900 000	4 538 507

* Alle kostnader knytt til timer for eigargruppe og styringsgruppe er lagt på posten møte og reisekostnader.

Rekneskapet er revisorgodkjent og ligg vedlagt.

Kjelder

BDO (2016): Samfunnseffektar ved av endringar i fylkeskommune og regional statsforvaltning Leikanger, Sogndal og Luster. Tilgjengeleg frå Internett:
<https://static1.squarespace.com/static/55533c21e4b0af4f706bb642/t/57e385a5d482e91e586b4466/147452888439/BD0+rapporten.pdf>

Fylkesspegelet for Sogn og Fjordane:

Sogndal:

<http://img4.custompublish.com/getfile.php/3655368.2344.dctfddrrs/NOTAT+til+planstrategi+Sogndal+2016-2020.pdf?return=www.sfj.no>

Luster:

<http://img4.custompublish.com/getfile.php/3729685.2344.earrcrwqsx/NOTAT+til+planstrategi+Luster+2016-2020.pdf?return=www.sfj.no>

Leikanger:

<http://img4.custompublish.com/getfile.php/3655365.2344.pcfcscrbtt/NOTAT+til+planstrategi+Leikanger+2016-2020.pdf?return=www.sfj.no>

Nye Sogndal kommune - Vertskapskommune for offentlege arbeidsplassar (2018).

Tilgjengeleg frå Internett:

<https://static1.squarespace.com/static/55533c21e4b0af4f706bb642/t/5aa13b44652dea6e1e1f68d1/1520515929268/Sogndal+kommune+-+Vertskapskommune+for+offentlege+arbeidsplassar.%281%29.pdf>

Næringsutvikling i nye Sogndal kommune (2017): Tilgjengeleg frå Internett:

<http://www.nye.sogndal.kommune.no/ato/esa62/document/rapport-fraa-sogn-naering-as-15-12-2017-naeringsutvikling-i-nye-sogndal-kommune.18003278d18003278.9b080fff9a.pdf>

Verdiskapingsplanen til Sogn og Fjordane (2014). Tilgjengeleg frå Internett:

<http://verdiskapingsplanen.no/wp-content/uploads/2015/07/Ferdig-verdiskapingsplan.pdf>